Forslag til ny forskrift om tryggleik i passasjerområde

Fastsett av Sjøfartsdirektoratet dd.mm.åå med heimel i lov 16. februar 2007 nr. 9 om skipssikkerhet (skipssikkerhetsloven) §§ 9, 11 og 45, jf. delegeringsvedtak 16. februar 2007 nr. 171 og delegeringsvedtak 31. mai 2007 nr. 590.

§ 1. Verkeområde

Forskrifta gjeld passasjerområde på norske skip med

a. tryggleikssertifikat for passasjerskip
b. tryggleikssertifikat for hurtiggåande passasjerfartøy
c. tryggleikssertifikat for passasjerskip i innanriksfart
d. tryggleikssertifikat for passasjerskip i territorialfarvatnet ved Svalbard
e. passasjersertifikat.

Passasjerområde er alle innvendige og utvendige delar av skipet som er meint for passasjerar.

Forskrifta gjeld ikkje for skip som er sertifisert etter forskrift 17. juni 2014 nr. 768 om særlige regler for skip som er vernet eller fredet og fører flere enn 12 passasjerer.

§ 2. Skip bygde før [dd.mm.åå] (dato denne forskrifta trer i kraft)

Skip som var kjølstrekte eller som var på eit tilsvarande byggjetrinn før [dd.mm.åå], kan i staden for å oppfylle §§ 3-15 oppfylle krava som gjaldt på byggjetidspunktet. Unntaket gjeld ikkje skip som blir sertifiserte som passasjerskip for fyrste gong i Noreg etter [dd.mm.åå].

Ved ombygging eller endring av passasjerområde gjeld krava i denne forskrifta for områda som blir endra. Krava i § 4 tredje til sjette ledd gjeld likevel ikkje ved ombygging av eksisterande passasjerområde.

Ved endring i passasjertal gjeld krava i § 9.

§ 3. Skip under 15 meter

Skip i innanriksfart med største lengde under 15 meter som blir bygde, dimensjonerte og utstyrte etter krava i Nordisk båtstandard 1990 for yrkesbåter under 15 meter, treng ikkje oppfylle §§ 4 til 13.

§ 4. Byggjekrav

Passasjerområde skal vere plasserte og utforma slik at dei ved tiltenkt bruk gjev forsvarleg tryggleik for liv og helse, og er skjerma mot sterk støy og utslepp frå andre delar av skipet.

Det skal vere direkte tilkomst til passasjerområde frå staden der passasjerane kjem om bord i skipet. Alle innvendige og utvendige passasjerområde skal vere samanhengande. Område som ikkje er passasjerområde, skal vere tydeleg merka eller stengde for passasjerar.

Innvendige passasjerområde skal plasserast aktanfor kollisjonsskottet. For skip som ikkje har krav om kollisjonsskott, skal innvendige passasjerområde plasserast aktanfor 0,05 L (m) av fremre perpendikulær.

Dørken skal liggje over den djupaste lastelinja til skipet.

Takhøgda skal vere minst 2030 mm. Takhøgda kan reduserast i eit område der full rørslefridom ikkje er naudsynt. Fri høgd i trapper skal vere minst 2030 mm målt frå ei tenkt linje som går gjennom ytste kanten på kvart trappetrinn.

Overkant av døropningar skal vere minst 2000 mm over dørk, dekk eller rampe.

Dører, inkludert opne- og lukkemekanisme, skal vere utforma på ein måte som i størst mogeleg grad hindrar klemskade.

Dørk og dekk skal ha sklisikker overflate.

§ 5. Trapper, trappeheisar og løfteplattformer

Trapper skal ha rette løp mellom kvar avsats. Heile trappa skal ha lik stigning. Inntrinnet skal vere minst 250 mm. Forholdet mellom inntrinn og opptrinn skal vere 2 x opptrinn + 1 x inntrinn = 620 mm± 20 mm.

Opningar større enn 100 mm mellom trappetrinn skal sikrast.

Løfteplattform, trappeheis eller liknande som oppfyller krava i forskrift 20. mai 2009 nr. 544 om maskiner, kan monterast på skip, men skal ikkje nyttast medan skipet er undervegs. Løfteplattform, trappeheis eller liknande skal vere kopla til ei naudkraftkjelde. Det skal vere fri takhøgd på 2030 mm over heile løfteplattforma.

Trappeheis kan berre monterast i trapper som ikkje er ein del av dei påkravde rømmingsvegane om bord.

§ 6. Rekkverk

Nivåskilnader på meir enn 500 mm skal sikrast med rekkverk eller skansekledning.

Rekkverk i passasjerområde skal utformast slik at dei hindrar klatring.

Høgd på rekkverk i passasjerområde skal minimum vere 1100 mm.

Opningar i rekkverket skal vere maksimalt 100 mm opp til ei høgd på minst 900 mm.

Lenseportar, gatt og liknande skal vere sikra slik at ingen opningar er større enn 100 mm.

Portar i rekkverket skal oppfylle same krav som rekkverk. Låsemekanismen skal vere utforma slik at porten ikkje kan opnast utilsikta.

§ 7. Ventilasjon og oppvarming

Ventilasjonen skal vere tilpassa utforminga av romma, tiltenkt bruk, og forureinings- og fuktbelastning. Ventilasjonen skal ha kapasitet til å tilføre kvart rom i innreiinga minst 30 m^3 frisk luft per person per time.

Innelufta skal ikkje innehalde konsentrasjonar av forureining som kan gje helseskade eller irritasjon.

Temperaturen skal kunne regulerast individuelt for kvart enkelt opphaldsrom. Rom meinte for varig opphald skal kunne halde ein temperatur på minst 20 °C. Det skal vere mest mogeleg lik temperatur ved dørk og himling.

§ 8. Belysning

Passasjerområde skal vere opplyste. Den gjennomsnittlege kunstige belysninga skal vere minst 150 lux. Utvendige dekk som ikkje kan lysast opp av omsyn til navigeringa av skipet, skal vere stengde for passasjerar når det er mørkt.

Ved måling av gjennomsnittleg belysning i eit rom skal alle elektriske lyskjelder som normalt er i bruk, vere på. Naturleg lys skal ikkje påverke lysmålingane. Det skal takast målingar midt i rommet og i kvart hjørne. Målingane skal gjerast ein meter over dørken.

Lugarar skal ha lys som gjer det mogeleg å finne utgangen i ein naudssituasjon. Lyset skal vere tilkopla ei naudkraftkjelde. Lyset skal tennast automatisk ved straumbrot, og vere på i minst 30 minutt.

§ 9. Opphaldsrom

Alle skip skal ha innvendige opphaldsrom med fastmonterte sitjeplassar til alle passasjerane. Når reisetida er under 30 minutt, kan sitjeplassane erstattast av ståplassar.

På roro-passasjerskip der passasjerane kan opphalde seg i køyretøya, skal det vere innvendige opphaldsrom med fastmonterte sitjeplassar til minst halvparten av passasjerane. Når reisetida er under 30 minutt, kan sitjeplassane erstattast av ståplassar.

Hurtiggåande fartøy skal ha innvendige opphaldsrom med fastmonterte sitjeplassar til alle passasjerar uavhengig av reisetid. Seta skal vende framover eller akterover når kollisjonsakselerasjon (g_{coll}), etter det internasjonale regelverket for hurtiggåande fartøy, er 3 eller større.

Det skal reknast ei breidd på minst 500 mm for kvar sitjeplass. Det skal vere 300 mm fri plass framom kvart sete.

Gang mellom sete eller mellom sete og skott skal vere minst 600 mm. Når sete er plasserte ved sida av kvarandre, skal det ikkje vere meir enn fire samanhengande sete frå gangpassasje.

Ståplassar skal ha haldeinnretningar plassert i ulike høgder. For kvar ståplass skal det reknast ei fri dørkflate på minst 0,5 m². Utrekninga skal ikkje inkludere

a. 300 mm beinplass framom sete
b. små eller uregelmessig forma område som ikkje kan nyttast til ståplassar
c. område med fri høgd på mindre enn 2030 mm
d. areal som er reserverte for rullestolbrukarar
e. rømmingsveg
f. gang mellom sete eller mellom sete og skott.

§ 10. Lugarar

Passasjerlugarar skal ha fri golvflate på minst 1 m^2 for kvar passasjer. Lugarane skal vere møblert slik at sikker rømming kan gjennomførast. Det skal ikkje vere meir enn to køyer over kvarandre.

§ 11. Toalett og våtrom

Alle skip skal ha passasjertoalett. Talet skal vere tilpassa reisetid og passasjertal. Minst eitt toalett skal vere utstyrt med stellebord.

Våtrom skal byggast slik at det ikkje oppstår skade på grunn av bruksvatn, vassøl, lekkasjevatn og kondens.

§ 12. Sjukerom mv.

Alle skip skal ha ein plan for transport og isolasjon av sjuke, og for å gje naudsynt førstehjelp og medisinsk behandling om bord.

Skip som skal nyttast som ambulanse skal ha eige rom for transport og behandling av sjuke.

Skip i utanriksfart skal ha sjukerom som oppfyller ein anerkjent standard. Sjukerom skal berre nyttast til behandling av sjuke og skadde. Skipet skal vere utstyrt for direkte kommunikasjon mellom sjukerommet og telemedisinsk maritim assistanseteneste.

Skip i utanriksfart skal ha ein plan for oppbevaring og transport av lik.

§ 13. Skipsarrest

Skip i utanriksfart skal ha skipsarrest.

§ 14. Passasjerane sitt reisegods

Alle skip skal ha tilrettelagd plass for passasjerane sitt reisegods, slik at alt reisegods ligg sikkert og ikkje blokkerer gangsoner og rømmingsvegar.

Små elektriske køyretøy med tilhøyrande oppladbare batteri skal ikkje oppbevarast i innvendige passasjerområde. Lading skal berre skje dersom skipet er tilrettelagd for det, og skal alltid føregå på utvendig dekk.

Farleg reisegods oppført i vedlegg 1 kan takast om bord på dei vilkåra som følgjer av vedlegget. Reiarlaget skal opplyse passasjerane om kva som er farleg reisegods.

§ 15. Styreplass i passasjerområde

Dersom styreposisjonen til skipeter plassert i passasjerområde, skal stå- og sitjeplassane vere arrangert slik at passasjerane ikkje er til ulempe for navigeringa av skipet.

§ 16. Krav til drift og vedlikehald

Inventar og lause gjenstandar skal vere forsvarleg sikra.

Når det blir utført vedlikehald i passasjerområde med passasjerar om bord, skal området sikrast og sperrast av slik at ingen passasjerar blir utsett for fare.

Skipet skal ha rutinar for å halde dørk, dekk, trappetrinn og rampar sklisikre under alle forhold.

Skipet skal ha rutinar for å verne passasjerar frå farar knytt til maskineri eller teknisk utstyr som er naudsynt for drifta av skipet, når slikt utstyr er plassert i passasjerområde.

Dersom passasjerane skal besøkje delar av skipet som ikkje er passasjerområde, skal dette skje i følgje med nokon som arbeider om bord. Talet på passasjerar utanfor passasjerområde skal vurderast basert på tilgjengelege rømmingsvegar og andre risikomoment i den aktuelle delen av skipet.

§ 17. Dokumentasjon

Ved nybygg eller ombygging av skip skal dokumentasjonen sendast til Sjøfartsdirektoratet i samsvar med dokumentasjonsliste utarbeidd av Sjøfartsdirektoratet.

§ 18. Dispensasjon

Sjøfartsdirektoratet kan etter skriftleg søknad gje dispensasjon frå krav i forskrifta. Spesielle grunnar må gjere dispensasjonen naudsynt, og dispensasjonen må vere tryggleiksmessig forsvarleg.

§ 19. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft dd.mm.åå.

Frå same tid blir forskrift 2. oktober 1972 nr. 4 om beregning av passasjerantall og om passasjerbekvemmeligheter m.v. oppheva.